



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF-rapport 4/05

**Kartlegging av forholdet mellom verksemder og
kunnskap i næringshagar og kompetansestover i Sogn og
Fjordane**

Thor André Fløtre og Carlo Aall

VF Rapport

Tittel Kartlegging av forholdet mellom verksemder og kunnskap i næringshagar og kompetansestover i Sogn og Fjordane	Rapport nr. 4/2005
	Dato 01.09.2005
	Gradering Open
Prosjekttittel Evaluering av næringshagar og kompetansestover i Sogn og Fjordane	Tal sider 30
	Prosjektnr 2256
Forskarar Thor André Fløtre, Carlo Aall	Prosjektansvarleg Carlo Aall
Oppdragsgjevar Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Innovasjon Noreg	Emneord næringshagar kompetansestover kunnskap
Samandrag Føremålet med rapporten er å gjere eit djupdykk for å gje eit bilete av kva kunnskap som eksisterar i og rundt næringshagane og kompetansestovene i Sogn og Fjordane. Vi ser at den eksplisitte kunnskapen spenner vidt i verksemdene. I den grad vi har klart å finne den tause kunnskapen, så har denne preg av å vere endå vidare. Begge desse formene for kunnskap er det system som både tek i vare og utviklar vidare. Trass i mange ulike fagfelt er det konkrete samarbeid på tvers av verksemder som har utvikla seg til spesialfelt. Desse finn vi særskilt interessante både i høve utøving og deling av kunnskapen.	
ISBN: 82-428-0255-6 ISSN: 0804-8835	Pris 100,-

Føreord

Denne rapporten er ei kartlegging av kunnskap i næringshagar og kompetansestover i Sogn og Fjordane som Vestlandsforskning har gjennomført på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Innovasjon Noreg.

Føremålet med utgreiinga er ikkje å gje ei fullstendig oversikt over kva kunnskap som er rundt i næringshagane og kompetansestovene. Til det er feltet altfor omfattande i høve storleiken på prosjektet. Utgreiinga skal heller ikkje vurdere i kva grad kunnskapen er god eller stor. Derimot skal den gjennom eit djupdykk prøve å gje eit lite inntrykk av kva som faktisk rører seg i desse verksemdene. Dette for å få fram eit litt meir oversiktleg bilete av kva kunnskap næringshagane og kompetansestovene representerer.

Både verksemdene og dei daglege leiarane har ein travel kvardag. Mange av informantane har difor ikkje hatt høve til å legge så stor innsats i vår innehenting av data. Organiseringa av kunnskapsintensive verksemdar gjennom næringshagar og kompetansestover gjer desse verksemdene spesielle, og prosjektet er difor heller ikkje det einaste som ynskjer å sjå nærare på deira liv og virke. Eit hjartesukk frå ein informant lydde; ”Disse hersens spørjeskjema...”. Vi har såleis god forståing for prioriteringane, og er takksame for dei som likevel tok seg tid til å stille opp.

Sogndal 01.09.05

Carlo Aall
forskningsleiar

Thor André Fløtre
forskar

Innhald

Samandrag.....	5
Innleiing	7
Definering av kunnskap	10
Metode	14
Breiddestudie	14
Djupnestudie	16
Resultat.....	17
Breiddestudien	17
Djupnestudien	21
Konklusjon	26
Kjelder.....	28
Vedlegg: Spørjeskjema til verksemdene og næringshagane/kompetansesestovene samla	29

Figurar

Figur 0.1 syner NACE kodar med meir enn tre prosent av verksemdene i Sogn og Fjordane	17
---	----

Tabellar

Tabell 0.1 syner dei ulike nivåa for inndeling i NACE	15
Tabell 0.1 syner forklaringane til NACE kodane i Figur 0.1.....	17
Tabell 0.2 syner svarfordelinga på spørsmål om verksemdene karakteriserer produksjonen sin som vanleg eller uvanleg i Sogn og Fjordane.....	18
Tabell 0.3 syner i kva marknad verksemdene sel produkta sine.....	19
Tabell 0.4 syner svarfordelinga på spørsmålet om verksemdene karakteriserer marknaden sin som vanleg eller uvanleg for verksemdar i Sogn og Fjordane	19
Tabell 0.5 syner talet verksemdar som har svara ja og nei på spørsmålet om dei er ei underavdeling/distriktskontor av eit anna føretak.....	19
Tabell 0.6 syner fordelinga mellom verksemdar som er relokalisert og nylokalisert i næringshagen	20
Tabell 0.7 syner talet verksemdar som har ein eller fleire av medarbeidarane med andre arbeidsforhold utanfor næringshagen (som tilsette og/eller som eigarar)	20
Tabell 0.8 syner svarfordeling på spørsmål om verksemdene har konkrete utviklingssatsingar/planar	20
Tabell 0.9 syner svarfordelinga på spørsmål om verksemdene har motteke offentleg støtte til kunnskapsutvikling	20

Samandrag

På oppdrag frå Innovasjon Noreg Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er det gjort ei evakuering av næringshagar og kompetansestover i Sogn og Fjordane. Næringshagar – og ei litt mindre variant av dette særmerkt for Sogn og Fjordane; næringsstover – er eit verkemiddel for å styrke etableringa av kunnskapsintensive arbeidsplassar i distrikts-Noreg.

Evalueringa byggjer på ei tidlegare nasjonal evaluering som mellom anna konkluderar med at den nasjonale satsinga på næringshagar ikkje synast å ha vore vellukka når det gjeld å stimulere til *nyetablering* av kunnskapsbasert verksemd i distrikts-Noreg. I evalueringa vert det vist til at i mange tilfelle har etablering av arbeidsplassar i næringshagane vore eit resultat av *relokalisering* av eksisterande arbeidsplassar.

I evalueringa som er gjort for Sogn og Fjordane er det lagt vekt på kartlegging og analysing av korleis kunnskap vert handtert i næringshagane.

Problemstillingane har vore:

- Kva type kunnskapsbaserte verksemder eksisterer i tilknytning til satsinga på næringshagar og kompetansestover i Sogn og Fjordane, og kva type kunnskap er det desse verksemdene gjer seg bruk av?
- Kva typar nettverk er etablert mellom verksemdene i næringshagane og kompetansestovene?
- I kva grad kan satsinga på næringshagar og kompetansestover vere med å byggje opp under mangesyssleriet i Sogn og Fjordane?

Det er gjennomført ei breidde- og djupnestudie. På grunn av låg svarprosent frå både næringshagane og verksemdene som er lokalisert der må resultatane frå granskinga tolkast med varsemd. Det var også vanskeleg å få verksemdene til å setje av tid til dei planlagde oppsøkjande intervjuer – djupnestudien – så også for rå djupnestudiet må ein tolke resultatane med varsemd.

Evalueringa viser at verksemdene i næringshagane har ein stor grad av kunnskapsbasert aktivitet. Mykje av aktiviteten er sal av produkt og tenester til andre verksemder. Ein stor del av verksemdene representerar genuint nye produkt og nye marknader i høve til det eksisterande næringslivet i fylket. Dei representerar også ei form for *lokal* internasjonalisering ved at mange av verksemdene rettar seg mot nasjonale og utanlandske marknader. Samla sett representerar næringshagane ei fornying *inn* mot, i mindre grad *av*, eksisterande næringsliv regionalt.

Kartlegginga viser at næringshagane har god tilgang på ei taus kunnskap som gjeld korleis etablere ei verksemd og overleve i ein marknad. Dette skuldast det relativt store innslaget av at eksisterande verksemder har flytta inn i næringshagane og etablering av uformelle nettverk; t.d. ulike ”dagar” som Fruktbare dagar i Leikanger og Designdagane i Stryn. Kartlegginga tyder samstundes på at formelle nettverk til etablerte kunnskapsverksemder ikkje er godt nok utvikla.

Kartlegginga har sett spesielt på korleis næringshagane er i høve til fenomenet *mangesyssleri*. Sogn og Fjordane er særprega ved at folk ofte har fleire enn eitt tilsettingsforhold; noko som truleg er med å gjere fylket meir robust i høve til endringar i arbeidsmarknaden. Næringshagane bidreg *direkte* til mangesyssleriet ved at mange av bedriftseigarane i næringshagane også har andre arbeidsforhold. Det er også ein stor variasjon i type verksemdar innafor næringshagane, og desse er difor i seg sjølv eit mangesyssleri. Næringshagane bidreg også *indirekte* ved at dei ofte arbeider direkte inn mot å styrke mangesyssleriet lokalt utafor næringshagane.

Hovudkonklusjonen frå evalueringa av næringshagane i Sogn og Fjordane er grunnleggjande *positiv*. Satsinga på næringshagar framstår som eit viktig verkemiddel for å få etablert kunnskapsbaserte verksemdar i distrikta. Næringshagane framstår vidare som ein arena for formidling av ein viktig taus kunnskap om det å etablere og drive privat næringsverksemd. Næringshagane framstår også som eit viktige kompetansesenter for marknadsbasert kunnskap, noko som er særleg viktig i høve til landbruket. Granskinga viser at det er ei utfordring å styrke verksemdene si tilgang på og nytte av den eksplisitte kunnskapen frå etablerte kunnskapsinstitusjonar.

Innleiing

Næringshage som nasjonalt verkemiddel

Næringshagesatsinga i Noreg blei etablert i 1998 og finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet og administrert av Selskapet for Industrivekst (SIVA). Fram til 2004 var det etablert eit landsdekkjande nettverk med 34 næringshagar i 11 fylke. Intensjonen med næringshagesatsinga har vore å stimulere små verksemdar og nyetableringar i distrikts-Noreg utanom dei etablerte regionsentra både for å skape næringsvekst og for å styrke lokalmiljøet.

Ein næringshage er ei samlokalisering av fleire kunnskapsintensive verksemdar. Ein søker på denne måten å oppnå eit større og meir robust miljø som tek vare på grunnlaget for både fagleg og sosial utvikling. Infrastrukturen til verksemdene er ein del av næringshagen, og difor kostnadssparande for kvar einiskild verksemd.

Ei nasjonal evaluering av næringshagesatsinga

Hartmark Consulting AS har gjennomført ein landsomfattande evaluering av næringshagesatsinga i Noreg. Her er det m.a. gjort ei spørjeskjemaundersøking som omfattar sjølv næringshagane (administrasjonen i 33 næringshagar), verksemdar som er etablerte i næringshagane (om lag 450 verksemdar) og 128 såkalla eksterne kjelder. For dei to sistnemnde kategoriane er det ein svarprosent på om lag 50, medan alle så nær som éin næringshage har svart. Hovudkonklusjonen frå evalueringa er at *næringshagesatsinga ikkje synast å ha vore vellukka når det gjeld å stimulere til nyetablering av kunnskapsbasert verksemd i distrikts-Noreg*. I evalueringa vert det vist til at i mange tilfelle har etablering av arbeidsplassar i næringshagane vore resultat av *relokalisering* av eksisterande arbeidsplassar. I samandraget vert dette formulert på følgjande måte¹:

Den overordnede konklusjonen er at man bare i meget begrenset grad kan si at etablering av næringshager har bidratt til – eller vil kunne bidra til – etablering av genuint nye arbeidsplasser innenfor kunnskapsbasert næringsvirksomhet i distriktene.

Det genuint *nye* som næringshagesatsinga *har* medført er i følgje evalueringsrapporten:

- at verksemdene har fått tilgang til nye *nettverk*
- at verksemdene har fått tilgang til ein ny form for *etablerarkultur*

Det vert peika på at verksemdene innafor næringshagane er relativt små – i storleiken to årsverk – og at verksemdene i liten grad synast å ha ambisjonar om å vekse. Evalueringa peiker på at om det er eit mål å få til vesentleg vekst i distrikts-Noreg innafor kunnskapsbasert næringsutvikling, kan det vere meir fornuftig å gje direkte støtte til større verksemdar som har uttalte ambisjonar om vekst.

Den nasjonale evalueringa gjev nokre svar, men avdekkar samstundes at mange av spørsmåla som vart stilt ikkje kan svarast på med dei ressursrammene som vart

¹ <http://www.odin.dep.no/filarkiv/219283/naringshagesatsingen.pdf>

stilt til rådvelde for evalueringa – og difor framleis manglar svar. Det er nokre spørsmål som ikkje vart stilt i evalueringa; spørsmål det kan vere interessante å stille i vårt fylke.

Klare eller uklare svar?

Eit problem med den nasjonale evalueringa gjeld det å definere kva som ligg i omgrepet *kunnskapsbaserte arbeidsplassar*. Den avgrensinga som er nytta av Hartmark Consulting AS er *arbeidsplassar med høgt utdanna arbeidstakarar*. Sett på spissen har difor evalueringa ikkje målt etablering av kunnskapsbaserte arbeidsplassar, men sysselsetting av høgt utdanna arbeidstakarar. Det er sjølvsagt mogeleg å tenkje seg at sysselsetting av høgt utdanna arbeidstakarar er ein god indikator på etablering av kunnskapsbaserte arbeidsplassar, men evalueringa problematiserer ikkje kor god ein slik indikator er. Dette er sjølvsagt ein praktisk metodisk tilnærming som evaluator måtte gjere ut frå ei avgrensa økonomisk ramme for evalueringa; men med ei såpass upresis definisjon er det viktig at hovudkonklusjonen tolkast med stor varsemd.

Vidare er det eit problem med ein kvar effektmåling å avklare samanhengen mellom årsak og verknad. Er det slik at ein ny arbeidsplass i næringshagen skuldast at næringshagen vart etablert, eller ville arbeidsplassen vorte etablert likevel? Og vidare; er det slik at ein arbeidsplass som er relokalisert til ein næringshage ville ha overlevd utan ein slik relokalisering? Rammene for den nasjonale evalueringa har ikkje gjort det mogeleg med kontrollmålingar, der ein samanlinkar utviklinga i område med og utan næringshagar; og det har heller ikkje vore gjennomført studiar over tid der ein har samanlikna utviklinga før og etter etablering av næringshagen. Desse forholda tilseier ytterlegare varsemd med å tolke resultata frå den nasjonale evalueringa.

Kompetansestover og mini-næringshagar

Kompetansestover og mini-næringshagar er eit tiltak som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sette i verk som del av bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane. Desse har stort sett same grunnideen som for næringshagar, men målestokken er mindre. Kompetansestovene og mini-næringshagane er lokalisert på tettstadar i bygdene. Tiltaket skal stimulere til at også desse lokalmiljøa kan utvikle seg mot meir kunnskapsbasert næring, og at slike verksemder blir lokaliserte saman².

Problemstilling for evaluering av næringshagane i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen har i brev dagsett 14.10.04 bede om tilbod på evaluering av kompetansestover og næringshagar i Sogn og Fjordane. I fylkesmannen sitt brev vert det vist til fem næringshagar³ og seks kompetansestover⁴; i alt 11 ulike

² For meir informasjon sjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: (<http://www.fylkesmannen.no/>) eller på: (<http://www.bygdeutvikling.no>)

³ Sandane, Stryn, Leikanger, Nordfjordeid og Flora.

⁴ Reed mini-næringshage, Nordsida næringsstove, Sørsida kunnskapsstove og Ytre Stadlandet kompetansestove, Lavik Nærings & Bygdeservice og Gaular Næringshage.

lokalitetar. Fylkesmannen ønskjer at evalueringa skal svare på i kva grad desse satsingane har medverka til omstilling og utvikling av nye arbeidsplassar spesielt innafør kunnskapsbasert næringsverksemd.

Prosjektet har definert tre kartleggingsmål. Desse er:

1. Kva type kunnskapsbaserte verksemder eksisterer i tilknytning til satsinga på næringshagar og kompetansestover i Sogn og Fjordane, og kva type kunnskap er det desse verksemdene gjer seg bruk av?
2. Kva typar nettverk er etablert mellom verksemdene i næringshagane og kompetansestovene?
3. I kva grad kan satsinga på næringshagar og kompetansestover vere med å byggje opp under mangesyssleriet i Sogn og Fjordane?

Næringshagane – både dei ”store” og ”små” - skal ha ein funksjon som stimulatorar til utvikling av nye arbeidsplassar innanfor kunnskapsintensive næringar i distrikta⁵. I dette ligg det at næringshagane i seg sjølv er ei samling av kunnskap. Både i den form at verksemdene har ein kunnskap, men også i form av næringshagen som institusjon. Dette gjer det interessant å sjå nærare på kva kunnskap som faktisk eksisterer i næringshagane. Korleis kunnskapen blir utøvd, korleis den blir ivareteken, og korleis den står til resten av næringslivet i lokalmiljøet. Prosjektet skal såleis prøve å trenge litt djupare inn i kva kunnskap som eksisterar i og rundt næringshagane i fylket. Vidare skal kartlegginga også inkludere omgrepet mangesysleri. Det er interessant i kva grad satsinga på samlokalisering av kunnskapsintensive verksemdar fungerer med tanke på denne forma for yrkestilpassing. Særskilt gjeld dette for kompetansestovene og mini-næringshagane.

⁵ St.prp. nr. 1 (1998-1999)

Definering av kunnskap

Fire kunnskapstypar

Kunnskap kan førekome i ulike former etter kva som er kjelda, og korleis den blir overført. Det er også forskjell på å ha kunnskap, og å utøve den. Altså om ein tek kunnskapen i bruk gjennom å gjere den til sin eigen. Matthias Kaiser⁶ karakteriserar fire typar kunnskap. Desse er (1) vitskapleg kunnskap, (2) folkeleg kunnskap, (3) dugleikskunnskap, og (4) taus kunnskap.

Vitskapleg kunnskap er knytt til oppfatningar som er forplikta til å følgje vitskapleg metodikk og som er integrert og validisert i eit vitskapsamfunn. Dette er organisert i tråd med Mertos fem normer for vitskaplig verksemd. Dei fem normene er; *kommunisme* (allemannseige), *universalisme* (ingen føretrinn for kunnskapskrav), *nøytralitet* (uavhengig av særskilde interesser), *organisert skeptisisme* (overprøving) og *originalitet* (frambringe ny kunnskap). På bakgrunn av dette svarar han og på spørsmålet i bokas tittel ”*Hva er vitenskap?*” med følgjande karakteristikkk: Vitskap er den sosialt organiserte produksjonen av vitskapleg kunnskap.

Folkeleg kunnskap er eit sett oppfatningar som er lokalitets- og situasjonsvilkårleg, basert på personlege erfaringar knytt til ei sosial gruppe med forholdsvis homogene interesser og livsomstende. Den er vidareformidla gjennom personleg kontakt der informantens truverde og erfaringsbakgrunn avgjer den kritiske terskelen for akseptering.

Dugleikskunnskap vert definert som tillærte evner til å utføre og meistre bestemte praktiske oppgåver der utføringa er basert på eit intuitivt element og berre i avgrensa omfang medfører bevisst regelføring eller artikulert situasjonsanalyse forut for handlinga. Den blir såleis opplevd som automatisk og omgåande når ein meistrar oppgåvene fullt ut. Denne kan graderast etter fem fasar: nybyrjar, vidarekomen, kompetent utøvar, profesjonell utøvar og ekspertutøvar.

Taus kunnskap er ein uartikulær horisont eller bakgrunn av oppfatningar om bestemte saksforhold som den enkelte ikkje har si merksemd retta mot, og som han legg til grunn i sin forståing eller analyse av andre oppfatningar, erfaringar eller problem. Horisonten inneheld både element som er spesifikke for den enkeltes erfaringsbakgrunn og element som er delt med eit større fellesskap. Kvart element kan under dei rette omstende bli trekt i forgrunnen, bli gitt ei tentativ grunngeving, og bli gjenstand for kritisk undersøking.

Håkon Finne og Marit Hubak⁷ viser til ei inndeling av kunnskap etter kva medium som er den produktive beraren av kunnskapen. Mediet kan vere symbol som skrift og tal, hjernen som fysisk struktur, kroppen som utøvar av kunnskapen eller dugleiken, og den sosiale gruppa. Dette gjev ei firdeling mellom det dei kallar; *symbolboren, hovudboren, kroppsboren og kulturboren*.

⁶ Kaiser, M. 2000. *Hva er vitenskap?* Universitetsforlaget. Oslo

⁷ Håkon Finne og Marit Hubak: *Nye arbeidsformer for MOBI? Om kompetansebruk i bedrifter og samhandling mellom forskning og bedrift*. Oslo: Noregs forskningsråd 2004

Ein ser av dei ulike definisjonane at omgrepet kunnskap tek opp i seg eit vidt spekter. Det kan difor fort oppfattast som at kunnskap er nærast alt ein gjer. Eit eksempel er skriving av ein e-post. Teksten er å kodifisere ein kunnskap frå hjernen. Dette er det kroppen som utfører, og språket er ein delt sosial praksis. Graden av kunnskap vi då vere knytt til kva ein skriv. Likeins vil den bestå i kor god ein er å handtere ei datamaskin, og kor god ein er til å formidle sitt budskap gjennom språket. I dette kjem spørsmålet om kva som er kunnskap og kva som er kompetanse. Finne og Hubak⁶ dreg opp denne problemstillinga i lys av det vide kunnskapsomgrepet. Dei viser til at kompetanse ofte er sett på som kombinasjonen av kunnskap, dugleik og haldningar. Kompetanse er såleis å ha kunnskap til å utføre ei handling, men er også avhengig av kva dugleik ein utfører handlinga med, og kva haldningar ein legg til grunn i gjennomføringa.

Taus og eksplisitt kunnskap

I dette prosjektet skal vi prøve å kartlegge noko av den kunnskapen som finst i næringshagane og kompetansesestovene i Sogn og Fjordane. Som ein ser i definisjonane har mykje av kunnskapen funksjon av å ligge i botn for handlingane ein utfører. Det er slik kunnskap som ein har, utan at ein nødvendigvis er seg bevisst når den blir nytta. Dette gjer den også vanskeleg å skildre. Vidare er det vanskeleg å sette fingeren på kva kunnskap som er det eine eller det andre i ulike situasjonar. Det vil difor vere naudsynt å forenkle kategoriane, og vi vil operere med to hovudformer for kunnskap. Desse er eksplisitt og taus kunnskap.

Med *eksplisitt* kunnskap forstår vi kunnskap som er kodifisert gjennom at den eksempelvis er nedskreven. Den har ei generell form ved at mange kan tileigne seg den same kunnskapen. Det er difor ein uttalt kunnskap som er lett tilgjengelig, og lett let seg dele med andre. Dette er kunnskap som ein kan ta til seg gjennom for eksempel utdanning.

Den *tause* kunnskapen oppstår gjennom utøving og erfaring. Dette kan vere ved bruk av den eksplisitte kunnskapen i praksis. Gjerne også knytt til at ein lagar og/eller får kjennskap til særskilde rutinar eller arbeidsmetodar. Den er difor ulik for kvar person og for kvar verksemd. Vidare inneheld den moment som ein gjerne ikkje er bevisst på at ein faktisk kan, som for eksempel knytt til kulturen i ei verksemd. Denne kunnskapen er vanskelegare å formidle.

Individuell eller kollektiv kunnskap

Det er vidare eit spørsmål i kva grad kunnskapen er knytt til det enkelte individet, eller om ein kollektiv kunnskap inneheld meir enn kvart individ sin kunnskap i sum. Dette er avhengig av at kunnskapen er kopla saman, og det vesentlege er kor god denne koplinga er. Det dannar grunnlaget for ein kollektiv kunnskap i tydinga at den er nedfelt i sjølve organisasjonen. Organisasjonen kan i dette tilfelle vere den enkelte verksemd. Då næringshagane har mange mindre verksemder, er det også eit poeng i kva grad ein kan snakke om ein kollektiv kunnskap i sjølve næringshagen.

Praktisk bruk av kunnskapen

Kartlegginga rettar seg mot verksemder. For å gje ei ytterlegare kategorisering av kvar kunnskapen blir nytta er det gjort ei tredeling mellom: kunnskap knytt til

produksjon av vara eller tenesta, kunnskap knytt til marknaden og kunnskap knytt til nettverket. Verksemdene må ha kunnskap når dei opptrer på alle desse arenaane. Eksempelvis gjev kunnskap knytt til produksjon, eit bilete på graden av spesialisering. Kunnskap knytt til marknad er ulik ettersom kvar marknaden er geografisk plassert, og om den er stor eller liten. Og kunnskap knytt til nettverk er ulik ettersom kvar nettverket er, og korleis det er sett saman.

Mangesyssleriet

Vinteren 2003/04 gjorde Vestlandsforskning ei utgreiing på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune der vi m.a. drøfta spørsmålet om val av strategiar for å få til vekst og utvikling i Sogn og Fjordane. Her blei det peikt på den verdien det såkalla *mangesyslerisamfunnet* har for utviklinga i fylket. Spørsmålet om mangesysleri og dei perspektiva som er knytt til dette omgrepet er ikkje tatt opp i den nasjonale evalueringa av næringshagane. Tvert om kan det verke som om evalueringa føyer seg inn i ei forståing av at det er viktig å satse på spesialisering og store einingar for å få til utvikling.

Det har historisk vore eit særtrekk med Sogn og Fjordane at kvar arbeidstakar har inntekter frå fleire arbeidsforhold samstundes. Dette kan eksempelvis vere kombinasjonen mellom eit gardsbruk og annan jobb. Tal for Sogn Fjordane syner at det i gjennomsnitt er 1,6 arbeidstilhøve for kvar person med lønnsinntekt. I tillegg er det mange enkeltmannsføretak⁸. For nokre kan moglegheitene til slike kombinasjonar vere medverkande til om folk blir buande. Denne forma for kombinerings er også grobotn for eit breitt spekter av kunnskap.

Mangesysleri kan analyserast og skildrast på tre ulike nivå. Det er på eit *individuellt nivå*, som eit spørsmål om tilpassingar den einskilde gjer. På *hushaldsnivå* er det snakk om tilpassingar som skjer innanfor hushalda, ikkje berre i tilhøvet mellom mann og kone, men òg i mellom fleire hushaldsmedlemmar, t.d. i høve ungdomen som bur heime. Dessutan kan vi snakke om *mangesyslerisamfunn*. Det er samfunn som er sterkt prega av mangesysleri både som individuelle tilpassingar og som tilpassingar i hushalda. I tillegg byr dei lokale samfunna i slike høve gjerne på viktige eigne føresetnader for mangesysleriet. Eitt slikt tilhøve *kan* vere etablering av næringshagar eller kompetansestover. Det vil i tilfellet auke verdien av slike tiltak, der det ikkje vert så avgjerande for utviklinga å få fram store og såkalla vekstkraftige nye verksemdar. Det sentrale blir heller å leggje til rette til mindre verksemdar som kan tilby *nye typar* arbeidsplassar som *supplement* til eksisterande arbeid for den einskilde eller for hushalda.

Mangesysleri gjev i tillegg to viktige perspektiv på kunnskap: den einskilde arbeidstakaren må ha *ulike typar* kunnskap, og han har eit grunnlag for å utvikle *tverrfagleg* kunnskap. Det er grunn til å tru at fleksibiliteten knytt til mangesysleri og fleir- og tverrfagleg kunnskap er ein viktig forklaringsfaktor for kvifor Sogn og Fjordane historisk alltid har kome ut med relativt låge arbeidsløysetal i dei periodane det har vore høg arbeidsløyse nasjonalt. I samfunn

⁸ For meir informasjon om mangesysleri sjå: Høyer, K. G. 2004. *Distriktpolitikk og utvikling i Sogn og Fjordane*. VF-notat 14-2004. Vestlandsforskning, Sogndal (<http://www.vestforsk.no/dok/publikasjonar/distriktpolitikk.pdf>)

prega av mangesysleri vil dette vere meir naturlege tilpassingar enn å melde seg arbeidslaus eller gå på trygd.

Metode

Kartlegginga nyttar ein *breidde-* og ein *djupnestudie* til innhenting av data. Breiddestudien skal i hovudsak skaffe fram informasjon om den eksplisitte kunnskapen, medan djupnestudien prøver å trenge inn i sfæren av taus kunnskap. Ved starten av prosjektet la vi opp til følgjande:

Breiddestudie

- Spørjegransking
- Alle næringshagane og kompetansestover
- Analysere eksisterande sysselsettingsdata

Djupnestudie:

- Oppsøkande intervju og gruppesamtale
- Tre regionale samlingar
- Fire næringshagar og tre kompetansestover

Det viste seg vanskeleg å fullt ut følgje dette opplegget.

Breiddestudie

Breiddestudien baserer seg på eksisterande data samt spørjeundersøking til verksemdene. Målsetnaden er å skildre verksemdene sin eksplisitte kunnskap, og vurdere i kva grad den typen kunnskap finst i eksisterande kunnskapsmiljø i Sogn og Fjordane. Vi skal også vurdere i kva grad næringshagane og kompetansestovene byggjer vidare på kjend kunnskap i fylket, eller representerer noko genuint nytt.

Deltaking

Spørjeskjema vart sendt ut på e-post til daglege leiarar i næringshagane i veke 11 (05). Ved utløp av fristen (veke 13) hadde ein næringshage respondert. Det vart gjennomført ei påminning i samband med å avtale djupneintervju i veke 14, og ved oppmøtet til djupneintervjuet. Etter dette vart det sendt ut purringar på e-post og telefon to gongar. Datagrunnlaget består av skjema frå til saman 25 verksemdar. Dette er om lag ein tredjedel av verksemdene.

Eksisterande data

Det var i utgangspunktet tenkt å samanlikne verksemdene innanfor næringshagane med næringsstrukturen i dei respektive kommunane der næringshagane er lokalisert. Dette for å gje ei oversikt over kva næringar som er representert i næringshagane, og i kva grad dette er næringar ein finn elles i kommunen. Grunna eit lite datasett er dette vanskeleg, og det er gjort ein analyse der næringshagane er slegne saman, og samanlikna med heile fylket.

Frå statistisk sentralbyrå sin bedriftsstatistikk er det gjort ei kartlegging av strukturen i næringslivet i Sogn og Fjordane. Denne baserer seg på ei inndeling

etter standarden NACE⁹. Den deler næringane inn etter ulike nivå for detaljeringsgrad som synt i Tabell 0.1 under. Det er i hovudsak nivå 3 som blir nytta i denne studien. Årsaka er at dette nivået er mest føremålstenleg i høve mengda data.

Tabell 0.1 syner dei ulike nivåa for inndeling i NACE

Nivå 1	Næringshovedområde	f.eks.:	D
Nivå 2	Næringsområde	f.eks.:	DA
Nivå 3	Næring	f.eks.:	15
Nivå 4	Næringshovedgruppe	f.eks.:	15.2
Nivå 5	Næringsgruppe	f.eks.:	15.20
Nivå 6	Næringsundergruppe	f.eks.:	15.201

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå

Opplysningar om organisasjonsnummeret frå verksemdene er knytt opp mot Enhetsregisteret til Brønnøysundregisteret på Internet. Der ligg verksemdene inne med sin NACE kode. Verksemdene i undersøkinga blir såleis samanlikna med resten av næringslivet i fylket.

Spørjeundersøking

Det er sendt ut eit spørjeskjema til kvar verksemd i næringshagen, og eit spørjeskjema til næringshagen samla. Skjemaet til kvar verksemd set fokus på produksjonen, marknaden og korleis verksemda er organisert. Medan skjemaet til næringshagen set fokus på den samla produksjonskunnskapen, den samla marknadstilnærminga, og korleis kunnskapsflyten føregår i næringshagen. Spørjeskjema er synt i Vedlegg A.

Skriftleg materiale

Vi har henta inn tildelingsbrev og årsrapportar frå følgjande næringsstover: Reed Mini-næringshage, Sørsida kunnskapsstove, Gaular næringshage, Nordsida næringsstove og ei samla årsrapportering utarbeidd av landbruksavdelinga ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Avgrensingar i datagrunnlaget

Vi fekk ei låg svarprosent frå næringshagane på trass av mange purringar¹⁰. Vi fekk også låg svarprosent frå verksemdene som er lokalisert i næringshagane (om lag 1/3 del). Det har difor ikkje vore grunnlag for å gjere kommunevise analyser, og vi har i staden gjort ei fylkesvis analyse.

⁹ NACE er forkorting av: Nomenclature générale des Activités économiques dans les Communautés Européenes (kjelde: SSB)

¹⁰ Dagleg leiar i hagane i Sandane, Nordsida, Leikanger og Reed har ikkje svart

Djupnestudie

I djupnestudien er det nytta oppsøkande intervju i næringshagane. Desse er gjennomført som ein gruppesamtale der ein representant frå kvar verksemd (føremonleg dagleg leiar) og leiaren i næringshagen er informantar. I møta er det nytta såkalla semi-strukturerte intervju. Med dette meiner vi at intervjuet ikkje følgjer eit strengt regissert spørjeskjema, men består av stikkord for å leie samtalen inn mot det aktuelle temaet. Det er såleis samtalen som skal føre fram til ytringane. Føremålet med denne framgangsmåten er at deltakarane skal få fram synspunkt og oppfatningar til sin eigen kunnskap i ein vidare samanheng. Grunngevinga for å velje denne metoden er at taus kunnskap kan vere vanskeleg å skildre. Det krev difor at informantane får diskutere seg fram til både kva som ligg i omgrepet, og korleis dei ser på sin eigen tause kunnskap.

Det er gjennomført oppsøkande intervju hjå næringshagen i Stryn, Nordfjordeid, Sandane, Leikanger og Gaular. På Nordfjordeid og i Gaular var det representantar frå verksemdene til stades saman med dagleg leiar under djupnestudien, medan for Stryn, Sandane og Leikanger var det bare dagleg leiar som kunne møte. Få av verksemdene har såleis delteke som informantar i denne delen, og den er mykje basert på dagleg leiar sine utsegn. På den andre sida har dei daglege leiarane eit godt oversiktsbilete av kunnskapsflyten i næringshagane. For Nordsida og Reed var det problematisk å få arrangert møte i det aktuelle tidsrommet. Desse har såleis heller ikkje delteke i spørjeundersøkinga (breiddestudien).

Resultat


Analysen er påverka av at datagrunnlaget er noko avkorta, og er såleis mindre omfattande enn ynskjeleg. På den andre sida har vi forståing for at verksemdene har ein travel kvardag, og vi registrerer at aktivitetsnivået ber preg av å vere høgt rundt i næringsdagane.

Breiddestudien

Under følgjer oppstillinga av resultatata frå breiddestudien. Det er berre spørjeskjemaet til kvar enkelt verksemd som er gjengjeve, medan spørjeskjema for Næringsdagen er nytta som bakgrunnsinformasjon for heile analysen.

Eksisterande data

Frå Statistisk Sentralbyrå sitt bedriftsregister finn vi at det ved inngangen til andre kvartal 2005 er 13 087 verksemdar i Sogn og Fjordane. I Figur 0.1 er fordelinga oppstilt for dei næringane som har meir enn tre prosent av verksemdene. Kodane er vist i Tabell 0.1 under figuren.



Figur 0.1 syner NACE kodar med meir enn tre prosent av verksemdene i Sogn og Fjordane

Tabell 0.1 syner forklaringane til NACE kodane i Figur 0.1

01 Jordbruk og tjenester tilknyttet jordbruk. Jakt og viltstell
05 Fiske, fangst og fiskeoppdrett. Tjenester tilknyttet fiske, fangst og fiskeoppdrett
45 Bygge- og anleggsvirksomhet
52 Detaljhandel, unntatt med motorvogner. Reparasjon av husholdningsvarer og varer til personlig bruk
70 Omsetning og drift av fast eiendom
74 Annen forretningsmessig tjenesteyting
85 Helse- og sosialtjenester

Det er 21 verksemdar som svara på spørsmålet om organisasjonsnummer i spørjeundersøkinga. I Enhetsregisteret til Brønnøysundregisteret er NACE kodane funne for desse verksemdene. 10 verksemdar er registrert med kode nummer 74 ”Anna forretningsmessig tenesteyting”. Dette er difor den desidert mest nytta koden for verksemdene i analysen. For fylket totalt har 700 verksemdar denne koden, som utgjer 5,3 prosent (sjå Figur 0.1). Dette er såleis ein kode som mange verksemdar i fylket fell under. Elles er dei andre 11 verksemdene fordelte på kodane:

- 40 Forsyning av elektrisitet, gass, damp og varmt vatn
- 45 Bygge- og anleggsvirksomhet
- 51 Agentur- og engroshandel, unntatt med motorvogner
- 52 Detaljhandel, med unntak av motorvogner. Reparasjon av hushaldsvarer og varer til personleg bruk
- 63 Tenester i tilknytning til transport og reisebyråverksemd
- 72 Databehandlingsverksemd
- 73 Forsking og utviklingsarbeid
- 91 Interesseorganisasjoner ikkje nevnt annet sted
- 92 Fritidsvirksomhet, kulturell tenesteyting og sport

Frå definisjonane av kunnskap ser vi at denne kan vere knytt opp til ulike former for dugleik. Det er difor ikkje mogleg å rangere dette. Datagrunnlaget er også så lite at vi ikkje kan stadfeste i kva grad næringshagane skil seg ut på nokon anna måte enn at mange er i kategori 74 ”Annan forretningsmessig tenesteyting”, og at dette er ein kategori som stemmer godt med biletet om kunnskapsintensive næringar.

Ei feilkjelde med å nytte NACE kodane frå Enhetsregisteret til Brønnøysundregisteret kan vere at verksemdene har endra produksjonen sin over tid, og at det såleis ligg att ein kode som ikkje er oppdatert. Når vi ser kva verksemdene har opplyst som sin produksjon, kan det tyde på at nokre har vorte meir spesialiserte enn kva koden tilseier. I grove trekk stemmer derimot kodane godt med opplysningane frå verksemdene.

Spørjeundersøking

Tabell 0.2 syner at 14 av 25 verksemdar karakteriserer produksjonen sin som vanleg i Sogn og Fjordane, og vidare 8 verksemdar som omtalar den som uvanleg. Tre verksemdar har fått kategorien delvis. Dette er verksemdar som har opplyst at deler av produksjonen er vanleg, medan andre deler er uvanleg.

Tabell 0.2 syner svarfordelinga på spørsmål om verksemdene karakteriserer produksjonen sin som vanleg eller uvanleg i Sogn og Fjordane

	Tal	Prosent
Delvis	3	12%
Uvanleg	8	32%
Vanleg	14	56%

Verksemdene er vidare spurde om marknaden deira er innan fylket, innan landet, eller internasjonalt. Svara er gjengjevne i Tabell 0.3. Her er den vidaste

geografiske eininga nytta. Det vil seie at verksemdar som svara at dei sel produkta sine både i fylket og andre stadar av landet er talde under kategorien ”Landet”. Likeins er verksemdar som opplyser at dei sel produkta sine både nasjonalt og internasjonalt talde som internasjonale. Mange av dei verksemdene som kjem i kategoriane ”Landet” og ”Internasjonalt” opplyser at dei i hovudsak sel produkta sine innan fylket. Grunnen til å nytte denne oppstillinga er for å få fram den vidaste marknaden dei representerar.

Tabell 0.3 syner i kva marknad verksemdene sel produkta sine

	Tal	Prosent
Fylket	6	24%
Landet	11	44%
Internasjonalt	8	32%

Tabell 0.4 syner fordelinga av i kva grad verksemdene karakteriserer marknaden sin som vanleg eller uvanleg i Sogn og Fjordane. 15 av dei 25 verksemdene svarar at marknaden er vanleg i Sogn og Fjordane, medan 6 svarar at den er uvanleg. Tre verksemdar opplyser at deler av marknaden deira er vanleg, medan andre deler er uvanleg. Desse er i kategorien ”Delvis”. Tabellen inneheld også ei verksemd som ikkje svara på spørsmålet.

Tabell 0.4 syner svarfordelinga på spørsmålet om verksemdene karakteriserer marknaden sin som vanleg eller uvanleg for verksemdar i Sogn og Fjordane

	Tal	Prosent
Ikkje svar	1	4%
Delvis	3	12%
Uvanleg	6	24%
Vanleg	15	60%

Sju av dei 25 verksemdene er underavdeling/distriktskontor av andre føretak (Tabell 0.5). Desse er også spurde om kva kopling dei har til hovudføretaket. Svara syner at i den grad dei utfører andre arbeidsoppgåver enn hovudfeltet til morføretaket, så er dette spesialiseringar innan sine fagfelt. Det er vidare fleire av dei andre verksemdene som opplyser at hovudkontoret sit i næringshagen, og at dei har underavdelingar andre stadar.

Tabell 0.5 syner talet verksemdar som har svara ja og nei på spørsmålet om dei er ei underavdeling/distriktskontor av eit anna føretak.

	Tal	Prosent
Ja	7	28%
Nei	18	72%

Det er 16 verksemdar som opplyser at dei er relokalisert i næringshagen, medan ni av verksemdene er nylokaliserte (Tabell 0.6). Det altså om lag 1/3 som har blitt starta opp i næringshagane.

Tabell 0.6 syner fordelinga mellom verksemdar som er relokalisert og nylokalisert i næringshagen

	Tal	Prosent
Relokalisert	16	64%
Nylokalisert	9	36%

Til spørsmålet om i kva grad organiseringa av næringshagane kan bygge opp om mangesyssleriet i Sogn og Fjordane er verksemdene spurde om nokre av dei tilsette har andre tilsetjingsforhold og/eller andre verksemdar utanfor næringshagen. Tabell 0.7 syner at 11 av verksemdene har medarbeidarar som har andre arbeidsforhold utanfor næringshagen. Ein av verksemdene har ikkje svara på spørsmålet.

Tabell 0.7 syner talet verksemdar som har ein eller fleire av medarbeidarane med andre arbeidsforhold utanfor næringshagen (som tilsette og/eller som eigarar)

	Tal	Prosent
Ikkje svar	1	4%
Ja	11	44%
Nei	13	52%

Tabell 0.8 syner at det er 16 verksemdar som har konkrete utviklingssatsingar/planar. Sju verksemdar opplyser at dei ikkje har slike planar, og to verksemdar har ikkje svara på spørsmålet.

Tabell 0.8 syner svarfordeling på spørsmål om verksemdene har konkrete utviklingssatsingar/planar

	Tal	Prosent
Ikkje svar	2	8%
Ja	16	64%
Nei	7	28%

10 av verksemdene har motteke offentleg støtte til kunnskapsutvikling gjennom ulike verkemiddel som tilskot, kurs og liknande (Tabell 0.9).

Tabell 0.9 syner svarfordelinga på spørsmål om verksemdene har motteke offentleg støtte til kunnskapsutvikling.

	Tal	Prosent
Ja	10	40%
Nei	15	60%

Oppsummering av spørjeundersøkinga

Spørjeundersøkinga syner at om lag 1/3 av verksemdene som svara karakteriserer produksjonen sin som uvanleg i Sogn og Fjordane. Det er også 19 verksemdar som sel produkta sine utanfor fylket. Dei fleste av desse har opplyst at dei også sel

innan fylket, og mange gjer dette i hovudsak. Vi ser likevel at mange har større eller mindre leveransar ut av fylket. Det er vidare relativt mange som karakteriserer marknaden sin som uvanleg i Sogn og Fjordane. 16 av verksemdene har også konkrete utviklingsatsingar/planar, og mange har nytta seg av tilbod knytt til kunnskapsutvikling.

Djupnestudien

Produksjonskunnskap

Næringshagane har eit breitt spekter med produksjonskompetanse, og kan seiast å representere eit stort mangfald. Det er mange verksemdar som rettar seg inn mot eit eksisterande næringsliv. Med dette meiner vi at dei utførar oppgåver som supplerer det eksisterande næringslivet¹¹. Vi ser at rådgjeving, utvikling av IT-løysingar, kompetanseutvikling og marknadstilpassing, er ord som går att i skildringane.

Næringshagane ser ut til å gjenspegle resten av næringslivet i kommunen/nærområdet. Eksempelvis omtalar Stryn seg som gode på å levere sine produkt til industrisegmentet i Indre Nordfjord, og likeins omtalar Sandane seg som gode på energi, opplæring og skipsbygging. Dette er tradisjonelle næringar i Gloppen. Endå til er Sandane merksame på at dei har ei relativt liten aktivitet knytt til landbruk (også ei stor næring i kommunen), og jobbar for å utvide denne.

Det er såleis ikkje så mange verksemdar som representerar noko genuint nytt i tydinga at dei er i ein ny bransje i høve sluttforbrukar. Derimot representerer mange noko nytt inn mot det eksisterande næringslivet. Sjølv bransjen er altså den same, for eksempel industri i Indre Nordfjord, men produkta dei sel til denne bransjen er nye, for eksempel design.

Marknadskunnskap

Marknaden verksemdene jobbar mot er i stor utstrekning anna næringsliv, og mange har sine kundar i nærområdet. Vi finn samstundes at verksemdene sit på kunnskap om andre marknader, både innanlands og utanlands. Eit anna element i dette er at fleire verksemdar leverer sine produkt til bransjar som opererer internasjonalt. Dei har såleis ein kunnskap om den marknaden mottakaren av produktet opererer innan. For eksempel kan dette vere som leverandørar av IT tenester i større prosjekt, eller innan reiselivet. Desse verksemdene opererer altså i ein marknad som er forholdsvis lokal, men dei sel i praksis kunnskap om ein større marknad. Denne er for enkelte både internasjonal og spesialisert.

Næringshagane har etter kvart utvikla nokre fagfelt dei er særskilt gode på. Vi har allereie nemnt Gloppen på energi, opplæring og skipsbygging, og at Stryn er gode på design. Vidare trekkjer Nordfjordeid fram at dei er gode på fagfeltet energi/miljø og enøk. Og vi ser at det er koplingar mellom reiseliv, utviklingar av IT løysingar, og design på Leikanger. Det er også fleire andre fagfelt der verksemdene i næringshagane står fram som ei samling av kunnskap. Mellom anna er rådgjeving innan ulike former for utvikling av andre verksemdar noko

¹¹ Dette blir ofte omtala som B2B sal (business to business)

som går att. Vårt inntrykk er at mange av desse fagfelte har oppstått som ein kombinasjon av kunnskap i ulike verksemder, og at dei gjennom samarbeid har utvikla ein spisskompetanse. Dette tyder på god flyt av kunnskap innan næringshagane, noko som også næringshagane sjølv stadfestar er tilfelle. Næringshagane ser også ut til å vere kontaktpunkt for nettverk ut i eige nærmiljø, samt at dei er ein kanal inn for verksemder utanfor næringshagen.

Nettverk

Innhenting av ekstern kunnskap føregår både i formelle og uformelle nettverk. Det er oppretta eit godt utbygd nettverk for næringshagane rundt om i landet. Vidare er det mange som sit på andre gode nettverk. Dette er både ulike bransjenettverk gjennom eksempelvis interesseorganisasjonar, og meir tilfeldige nettverk som er basert på kjennskap og felles problemstillingar. Enkelte nyttar også tilbod gjennom kunnskapsinstitusjonar som universitet/høgskular, eller andre typar kurs/kompetanseutviklingar i regi av eksempelvis Innovasjon Noreg. Kunnskapsintensive verksemder har stadig behov for å oppdatere seg, og vi oppfattar at for enkelte er dette ei utfordring då det ofte medfører reising og opphald andre stadar. Dei er difor veldig fokuserte på at kunnskapen dei hentar er relevant og målretta for si verksemd.

Det føregår ulike satsingar for å formalisere lause nettverk. Mellom anna blir det i Stryn arrangert design dagar, og dei gjennomfører ulike temamøte saman med næringslivet elles i nærområdet. På Sandane arrangerer dei breibandskonferanse, og dei gjennomfører fleire næringsfrukostar gjennom året. Dette er samlingar der verksemdene i næringshagen og anna næringsliv i kommunen samlast og får presentere seg. Desse ulike formaliserte samlingane rundt om i næringshagane fungerer også som system for å ta vare på kunnskapen gjennom at det blir utveksla idear og erfaringar.

Ein annan type eksempel på dette skjer i Gaular kor dei utviklar reiselivsprodukt retta mot kultur og tradisjon. Kompetansestova har også funksjon som eit lite bibliotek og ein kaffikrok. Her pleier mange eldre å ta turen innom for ein hyggeleg prat. På desse samlingane blir det også utveksla erfaringar og historier om gamle tradisjonar i bygda som verksemdene dreg nytte av.

Den tause kunnskapen

Taus kunnskap kan sjåast på som ting ein veit utan å bevisst vite om det. Dette gjer at det sjølv sagt er vanskeleg å fortelje om sin tause kunnskap. Etter å ha snakka med dei ulike aktørane får vi likevel inntrykk av at det eksisterer mykje taus kunnskap rundt i næringshagane, og at den har eit breitt spekter.

Det er også blitt poengtert under intervjuet at det eksisterer mange prosjekt og idear som aldri kjem på overflata. Vidare er det fleire verksemder som har opplevd tøffe tider. I slike prosessar har det oppstått veldig mykje læring som ikkje er så synleg slik verksemdene står fram i dag. Informantane uttalte difor at mange hadde ”prøvd litt forskjellig”, og at dei hadde ein god base kunnskap for å drive verksemdene under dei rammevilkåra som var.

Ein faktor med taus kunnskap er at den må opparbeidast over tid. Vi ser frå Tabell 0.6 at 16 av dei 25 verksemdene er relokalisert inn i næringshagen. Dette er

eksisterande verksemder som tek med seg både sin kultur og sin kunnskap inn i fellesskapen. Samstundes tyder det på at kunnskapsflyten er god i næringshagane. I høve den tause kunnskapen er det difor grunn til å tru at eit innslag ”eldre” verksemder har ein god funksjon i denne samanhengen.

Samarbeid som har oppstått mellom verksemdene der dei rettar seg mot ei spesialisering innan ulike fagfelt, er eit anna eksempel på bruken av den tause kunnskapen. Her kombinerer dei ulike verksemder kvalifikasjonane sine saman til å møte ein etterspurnad. Dette samarbeidet vil såleis dra nytte av kvar enkelt medarbeidar sine kunnskarar. Samstundes må denne overførast til andre deltakarar, og ikkje minst blir det utvikla eigne arbeidsmetodar for desse prosjekta. Ein ser då at det også har oppstått ein kollektiv taus kunnskap knytt til slike felles samarbeidsprosjekt.

Mangesysleri

Tabell 0.7 syner at 11 av dei 25 verksemdene har ein eller fleire medarbeidarar med andre arbeidsforhold utanom næringshagen. Desse består både av andre tilsettingsforhold, og av at dei driv andre føretak. Det er difor grunn til å tru at dette er utbreitt også hjå verksemder som ikkje deltok i undersøkinga. Mykje tyder difor på at næringshagane fungerer godt som arbeidsplassar for folk som kombinerer dette med andre jobbar.

Eit anna døme på korleis mangesysleriet er knytt opp mot næringshagen, finn vi i Gaular. Der fungerer det omtalte reiselivsprosjektet knytt til kultur og tradisjon som ein stimulator for å få i stand mangesysleri også hjå andre innbyggjarar i bygda. Målsetnaden er at gardbrukarar og andre skal kunne levere ulike produkt inn mot reiselivsprosjektet, og på den måten få andre inntektskjelder. I dette tilfellet ser ein altså at det ikkje berre er deltakarane i kompetansestova som har eit mangesysleri, men at dei også er med å drive fram dette i heile lokalmiljøet.

Skriftlege kjelder

Vi har gjennomgått årsrapportane frå *kompetansestovene* Reed mini-næringshage, Nordsida næringsstove, Sørsida kunnskapsstove, Ytre Stadlandet kompetansestove, Lavik Nærings- & Bygdeservice og Gaular næringshage; og oppsummeringa av desse gjort av landbruksavdelinga ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

I oppsummeringa frå 2003 gjort av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane blir det konkludert med at kompetansestovene i Lavik og Ytre Stadlandet må reknast som mindre vellukka, medan dei andre i større eller mindre grad må reknast som vellukka ut frå utviklinga av tal arbeidsplassar. I høve til dei måla som var sett for dei ulike kompetansestovene med omsyn til tal nyetablerte arbeidsplassar var det ved utgangen av 2003 likevel berre Reed og Nordsida som hadde nådd eller kome forbi målet. Sørsida og Gaular var nær målet med høvesvis 19 arbeidsplassar med eit mål om 25, og 5 opp mot eit mål om 6 arbeidsplassar. Ytre Stadlandet og Lavik var langt under målet.

Dei skriftlege rapportane gjev ei detaljert framstilling av dei ulike typane verksemder som har vokse fram i dei ulike kompetansestovene. Rapportane inneheld likevel lite informasjon som knyter seg eksplisitt til hovudfokuset for vår

gransking; altså spørsmålet om kva type kunnskap og nettverk som verksemdene knyter seg opp til. Under er vist ei opplisting av verksemdar som var rapportert lokalisert i dei fire mest vellukka kompetansestovene, der vi har nytta tal arbeidsplassar i høve til lokale mål som suksesskriterium.

Tabell 10 Verksemdar lokalisert i dei mest vellukka kompetansestovene i Sogn og Fjordane¹²

Kompetansestove	Namn	Type verksemd
Nordsida	a-vista as	Hyttebygging
	Nordplan	Rådgjevingsfirma innafor bygg og anlegg o
	Normatic as	Leverandør av automatikk løysingar
	DagenDin	Internettselskap
	Roset Bygg	Byggefirma
	Rand Rekneskapskontor	Rekneskap
	OTG Interventions	Off shore tryggleik
	Tine Meieri avd gardstank	Landbruk
	Galleri Ad Fontes	Foto og atelier
Sørsida	Bjordal bygdeservice	Landbruk
	Osland havbruk	Havbruk
Reed	Eurofoto	Digital biletbehandling
	Reed Foto	Fotografering
	Axella	Fjernundervisning
	Hårek frisørsalong	Frisør
	ReBygg	Byggefirma
Gaular	Dagaz Nordic as	Import og sal av sko
	Tine Meierier, org.avd.	Landbruk
	Aase video og grafikk	Grafisk
	Annes fotklinikk	Helse
	Nikkino as	Bygg og anlegg

Det generelle inntrykket ein får ved å gjennomgå rapporteringa frå og om kompetansestovene er at situasjonen ikkje skil seg ut frå situasjonen ved dei større næringshagane. Samstundes er det også klart at det er til dels store variasjonar mellom utviklinga av kompetansestovene. Hovudintrykket er at dei stovene som har lukkast når det gjeld å få til ein aktivitet av eit visst omfang, også har makta å tilføre lokalsamfunnet noko ”nytt”. Det gjeld det å få etablert kunnskapsbaserte arbeidsplassar og det å rette næringslivet lokalt inn mot nye produkt og ein marknad nasjonalt og internasjonalt. Samstundes er det også slik at nokre av kompetansestovene har inngått i ei vidareutvikling av det eksisterande næringslivet i form av at det har skjedd ei fornying *inn mot* det eksisterande næringslivet. Det er også eksempel på at kompetansestovene representerar eit stort mangfald når det gjeld type verksemdar, og at det er eit høgare tal arbeidsplassar enn årsverk. Vidare er det eksempel på at kompetansestovene får ei utviklarrolle der ein involverar seg i det å etablere arbeidsplassar også utafor sjølve kompetansestova. Desse forholda kan tolkast som om fleire av kompetansestovene dermed inngår i og støttar opp om tradisjonen med mangesysleri, medan andre igjen har etablert få og – i ein lokal samanheng – relativt store arbeidsplassar utan sterke koplingar til det eksisterande lokale næringslivet.

¹² Oversynet basert på verksemdar som er omtalt i årsrapportar frå kompetansestovene. Oversynet er ikkje komplett.

Vårt prosjekt har ikkje hatt ressursar til å drøfte moglege årsaker til forskjellar mellom utviklinga i dei ulike kompetansetovene. Fordi dette er relativt små einingar er det klart at vilkårlege hendingar knytt til lokale eldsjeler og utvikling av marknaden lett kan få ein relativt sett stor innverknad på utviklinga. Dette er i og for seg ikkje så interessant. Det som er meir interessant er om det er systematiske trekk ved lokalsamfunna og måten arbeidet med kompetansetovene er gjennomført på som kan forklare forskjellane; men dette er altså forhold vi ikkje har hatt høve til å gå nærare inn på.

Konklusjon

Resultat av *breiddestudien* viser at innslaget av kunnskapsbaserte arbeidsplassar – definert ut frå kategorien ”anna foretningmessig tenesteyting” i den offentlege sysselsettingsstatistikken – er *mykje større i næringshagane enn generelt for fylket*, med eit innslag på 50 prosent mot 5 prosent for heile fylket. Med dette grunnlaget framstår satsinga på næringshagane som *vellukka*, i den forstand at ein har klart å knyte til seg og leggje grunnlag for etablering av verksemder som i langt større grad er kunnskapsbaserte enn det som gjeld for resten av fylket.

Vidare viser breiddestudien at *halvparten* av verksemdene som har svart på undersøkinga sjølv vurderar at deira *produkt* er heilt eller delvis *ny* i høve til resten av det lokale næringslivet. *Ein tredel* av verksemdene seier dei rettar seg inn mot *nye marknader*. *Halvparten* av verksemdene seiar at dei har nytta tilskot for kunnskapsutvikling, og *halvparten* seiar at dei har konkrete planar om å utvide og/eller på anna måte *vidareutvikle* verksemda. Ein tredel av verksemdene seiar dei har nytta tilskot til kunnskapsutvikling *samstundes* som dei har konkrete planar om å vidareutvikle verksemda. Også ut frå desse indikatorane sit vi igjen med eit relativt *positivt* inntrykk i høve til målsettinga med satsinga på næringshagar. Verksemdene i næringshagane representerar ofte noko *nytt* i høve til det eksisterande lokale næringslivet, og ein relativt stor del av desse har retta seg inn mot *kunnskapsutvikling* og anna form for *vidareutvikling* av eiga verksemd.

Breiddeundersøkinga stadfester inntrykket frå den nasjonale evalueringa med omsyn til grad av nyetablering. Berre ein tredel av verksemdene er nyetablerte. I tilknytning til spørsmålet om nyetablering stilte vi eit spørsmål som den nasjonale evalueringa *ikkje* hadde med; nemleg eit spørsmål om bedriftseigarne hadde andre tilsetjingsforhold/næringsverksemd enn verksemda i næringshagen. *Halvparten* av respondentane svara *ja* på dette spørsmålet. Vår tolking av svara på desse to spørsmåla er ulik det som ligg i den nasjonale evalueringa av næringshagane.

Vi meiner at i eit fylke som Sogn og Fjordane må desse svara også tolkast som *positive* i høve til målsettinga med næringshagesatsinga. For det *første* meiner vi det er viktig med ein tilstrekkeleg grad av re-lokaliserte verksemder i ein næringshage, fordi desse representerar ein svært viktig kjelde til *taus kunnskap* som gjeld korleis man skal etablere og drive ei privat verksemd. Vårt *andre* poeng er knytt til omgrepet *mangesysleri*. Våre tal tyder på at også næringshagane er prega av fenomenet mangesysleri, noko som vi vurderar som positivt og som venteleg gjer næringshagane meir *robuste* når det gjeld å halde ved like eller auke sysselsetjing og busetnad.

Ein stor del av verksemdene dreiv med såkalla ”business-to-business” handel; altså dei var underleverandørar til andre verksemder. Ut over dette forholdet kan verksemdene karakteriserast på ulike måtar. Dei verksemdene som samhandlar med den eksisterande landbruksnæringa bidrag med ein *marknadskunnskap*. Eit trekk ved landbruksnæringa er den relativt svake marknadskunnskapen, og difor representerte verksemdene i næringshagane eit viktig supplement. Verksemdene i næringshagane representerar ei form for lokal internasjonalisering ved at dei ofte sel til selskap som er i ein nasjonal eller internasjonal marknad. Verksemdene representerar også ei fornying *inn mot*, i mindre grad *av*, det eksisterande

næringsliv regionalt. Og sist – verksemdene i næringshagane inngår i ei form for *regional spesialisering*; t.d. at næringshagen i Stryn rettar seg inn mot industrimiljøet i Indre Nordfjord; Nordfjord inn mot energi, miljø, enøk; Leikanger inn mot design, IT, reiseliv; Sandane inn mot energi, skipsfart; og Gaular inn mot kulturbasert småskala reiseliv.

Djupnestudien viste også at det er etablert velfungerande *formelle nettverk*, både mellom næringshagane og innan bransjane. Eit viktig unntak her er kompetansestovene som fall utafør dei faste nettverka mellom næringshagane. Det er også etablert viktige meir *uformelle* nettverk. Eksemplar på dette er dei ulike ”dagane”, som Designdagar i Stryn, Breidbandkonferansen i Sandane og Fruktbare dagar i Leikanger. Det er også eksempel på at næringshagane tar på seg rolla som *lokale kompetansesenter for jobbskaping* som går ut over sjølve næringshagen. Eit eksempel på dette er arbeidet opp mot småskala reiselivsutvikling i Gaular.

Djupnestudiet gav indikasjonar om at det er rom for forbetringar når det gjeld utvikling av nettverk. Fleire av verksemdene gav uttrykk for at dei har for lite kontakt til kunnskapsinstitusjonar, og at dei har for lita tid til å reise på seminar; ikkje minst av frykt for at kunnskapen på slike seminar er for lite målretta ut frå deira behov.

Djupnestudien gav oss også noko innsikt i spørsmålet om *taus kunnskap*. Det første poenget er at det – som man kan vente – er vanskeleg å ”snakke om” taus kunnskap. Samstundes kom det klare indikasjonar på at den tause kunnskapen er viktig for suksess i bedriftsetablering. Døme på slik taus kunnskap er prosjektidear som aldri blir realisert, og at det å oppleve ”tøffe tider” gjev viktige erfaringar i form av taus kunnskap. Den relativt store delen re-lokalisering av verksemdar i næringshagane kan vere med å sikre overføring av denne typen taus kunnskap mellom etablerte og nye verksemdar. Det er såleis eit poeng å løfte fram at tilgongen på – i nokon grad også etterspurnaden etter - den tause kunnskapen kan synest betre enn tilgangen på den vitskaplege og eksplisitte kunnskapen.

Det generelle inntrykket ein får ved å gjennomgå rapporteringa frå og om kompetansestovene er at situasjonen for kompetansestovene ikkje skil seg ut frå situasjonen ved dei større næringshagane. Samstundes er det også klart at det er til dels store variasjonar mellom utviklinga av kompetansestovene. Prosjektet har ikkje hatt ressursar til å avklare kvifor det er så store forskjellar mellom dei ulike kompetansestovene.

Kjelder

Årsrapportar for 2001, 2002 og 2003 for utprøving av kompetansestover. Førde: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Statusrapport for Nordsida næringsstove 2001, 2002, 2003. Ulvedal: Nordsida næringsstove.

Statusrapport for Gaular næringshage 2002, 2003. Bygdtad: Gaular næringshage.

Statusrapport for Sørsida idébank 2001, 2002, 2003. Bjordal: Sørsida idébank.

Statusrapport Reed Mini-næringshage 2001, 2002. Breim: Reed Mini-næringshage.

Diverse tilsegnsbrev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Vedlegg: Spørjeskjema til verksemdene og næringshagane/kompetansestovene samla

Spørsmål som rettar seg mot kvar einskild verksemd i næringshagen/kompetansestova

– Namn på verksemda
– Organisasjonsnummer
– Tall årsverk
– Kva produserar verksemda?
– Kan denne produksjonen karakteriserast vanleg eller uvanleg i Sogn og Fjordane? (Er det andre verksemdar som produserar same produktet/tenesta i fylket)
– I kva marknad sel verksemda produkta sine? (Er marknaden i fylket, landet eller internasjonalt, og er den stor eller liten)
– Kan denne marknaden karakteriserast som vanleg eller uvanleg i Sogn og Fjordane? (Er det andre verksemdar i fylket som opererer i same marknaden)
– Er verksemda ei underavdeling/distriktskontor av eit anna føretak (ja/nei).
○ Dersom ja, kva føretak er dette (namn og produksjonstype ¹³)?
○ Dersom ja, er dette eit lokalt/regionalt/nasjonalt eller internasjonalt føretak? Døme på konkrete verksemdar etter denne kategoriseringa: Sognekraft (lokalt)/Sparebanken Vest (regionalt)/TINE (nasjonalt)/PwC (internasjonalt).

¹³ Vi ynskjer å vite kva produkt/teneste mor-føretaket produserer. Dette for å finne om verksemda i Næringshagen/kompetansestova er ei spesialisert eining (eksempelvis logistikkavdeling til eit industriføretak.)

– Er verksemda re- eller nylokalisert? (Om verksemda har flytta inn i næringsshagen frå ein annan lokalitet, eller om næringsshagen er fyrste lokalisering. I høve førre spørsmålet så gjeld dette denne konkrete verksemda, sjølv om mor-føretaket er eldre)
– Har nokre av dei tilsette i verksemda andre tilsetjingsforhold og/eller andre verksemdar utanfor næringsshagen (f.eks deltidsjobbar, gardsbruk e.l). Kor mange er dette, og er dei tilsette eller eigarar av den andre verksemda?
– Har verksemda nokre konkrete utviklingsatsingar/ planar no?
-Har verksemda motteke offentleg støtte til kunnskapsutvikling frå tildømes Innovasjon Noreg gjennom Fjord Innovasjon / Alkymisten / Skattefunn eller liknande?

Spørsmål som rettar seg mot Næringsshagen/kompetansestova i heilskap:

1. Gje ei skildring av den samla produksjonskunnskapen i næringsshagen/kompetansestova. • Er det eksempelvis nokre særskilte felt som næringsshagen/kompetansestova samla sett er god på?
2. Gje ei skildring av den samla marknadsrettinga i næringsshagen/kompetansestova. • Er det nokre særskilte marknader næringsshagen/kompetansestova er god på?
3. Gje ei skildring av den samla kunnskapsflyten i næringsshagen/kompetansestova. • Er det nokre særskilte arenaer næringsshagen/kompetansestova er gode til å hente og/eller dele kunnskap på?